



flei@equinor.com

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8013 - 23/21681

Saksbehandlar:
Mikkel Bengtsson
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:
17.03.2023

Administrativ avgjerd - Uttak av 2 bukkar med nærgående/ aggressiv åtferd – Equinor Mongstad

Med heimel i viltforskriftas § 3-5, stk. 2 gjennomfører Alver kommune uttak av to spesifikke bukkar på anleggsområda til Equinor Mongstad grunna omsyn til person- og trafikksikkerheit. Desse bestemte individa utviser atypisk åtferd og oppsøker aktivt personar og køyretøy. Avgjerda skal sjåast i forhold til eit lengre tidsforløp med fleire urovekkande interaksjonar mellom personar og desse bukkane. Det er risiko for eskalering av aggresjonsnivået hos bukkane.

Viltansvarleg på Equinor Mongstad, Trond Leikvoll har søkt rådgjeving hos fleire fagetatar her under Norsk Hjortesenter, Alver hjort, veterinærinstituttet og Mattilsynet. Dette for å forsøkja å unngå uttaket ved å kunna bedøve bukkane og sage av geviret for å redusere bukkanes aggresjonsnivå.

Etter nærmare kontakt med Mattilsynet og Miljødirektoratet med omsyn til bedøving, motgift, fjerning av gevir etc. vert det opplyst av Mattilsynet, at behandling av søknad vil ta tid og mest sannsynleg få avslag. Fleire fagpersonar vurderer at bukkane vil behalde geviret i ytterlegare 3-5 ukar innan naturleg gevir felling/ kast.

Med visning til viltforskrifta § 3-5, stk. 2:

Kommunen kan av eget tiltak iverksette uttak av bestemte individ av alle hjorteviltartene og villsvin når de oppholder seg på trafikkerte eller tettbygde områder, og dei utgjør ein fare for skade på person eller skaper trafikkfarlege situasjonar.

Det vert spesielt vurdert i avgjerda av uttaket, at det er heilt spesielle sikkerheits krav og forhold for forvaltninga av hjort på Equinor Mongstad. Omsyn til trafikksikkerheit for å unngå følgeskadar på drifts messig kritisk infrastruktur på Equinor Mongstad er tungtvegande i avgjerda. Avgjerda er gjort etter samråding med ansvarleg for samfunnstryggleik og beredskap i Alver.

Det vurderast av administrasjonen at bukkane's åtferd kann vere fram provosert av mating av personar på Equinor Mongstad. Det vert derfor stilt krav om at uttaket kombinerast med omfattande informasjon og skilting med tydeleg beskjed om mating av hjort er ulovleg.

Uttaket av dei to individa vil bli gjennomført snarast rå av viltansvarleg person på Equinor Mongstad, Trond Leikvoll. Kjøtt vil bli kontrollert av feltkontrollør og overdratt til lokale sjukeheimar. Når uttaket er utført skal kommunal viltforvaltar varslast.

Avgjerda om uttak er dei to bukkar er ikkje eit enkeltvedtak og kan ikkje påklagast.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Mikkel Bengtsson
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

tlei@equinor.com